

Anno 1765, strilefolket mot embetsmakta

Måltrastena frå Meland og sangkoret Lyderhorn frå Bergen har gått saman om å arrangera ein konsert på Nordhordland Folkehøgskule den 19. april 2015 til minne om Strilekrigen som fann stad for nøyaktig 250 år sidan den 18. april.

Ideen kom etter ei idemyldring om kva tema dei to kora våre kunne samarbeide om då me allereie lauseleg hadde planlagt ein felles konsert. Då fleire av kormedlema i både kora er historisk interesserte, fekk ideen om å markera 250-årsjubileet for Strilekrigen stor oppslutnad. Etter ei rask undersøkjing fann me få liknande arrangement, noko som kontakt med Kenneth Bratland ved Statsarkivet også stadfesta. Det som er kjent av markeringar, er at universitetet i Bergen arbeider med ei nettutstilling som skal omhandla heile historia. Denne vonar dei å ha ferdig og tilgjengeleg for publikum laurdag 18/4. Gratisavisa Bergensposten gir ut eit heilt nummer via til hendinga den 17/4. Utanom dette veit vi ikkje om fleire markeringar.

Då ideen var tent, vart me også svært oppsett på å markera dette med ein konsert tett opp til datoene 18/4. Me var også raskt samde om at me yngste å tinga spesialskreve musikk til konserten. På trass av svært kort tid (me starta ikkje prosessen med dette før i januar i år) fekk me komponisten Henning Sommerro med på tanken, og på basis av forfattaren Rolf Sagen sin tekst «Songen om Strilekrigen» frå 1975, har Henning Sommerro komponert eit verk sett saman av 11 tablå for kor, opplesar og basstrombone. Dette vil verta urframført på konserten den 19/4.

Andre innslag på konserten vil verta barokkmusikk framført av 4 musikarar frå Griegakademiet, eit miniforedrag om Strilekrigen v/ Kenneth Bratland og ei avdeling med korsong, både kvart kor for seg og felles. Her har me plukka frå kvar vårt repertoar med tanke på tema for konserten. Her er songar om hav og sjøliv, kjærleik og død, kvardagsliv, humor og kamp.

Me meiner at denne markeringa av Strilekrigen i 1765 er aktuell for folk i heile Nordhordland! Mange vil ha slektningar som deltok i opprøret, og at 2000 strilar den gongen greidde samla seg til felles optog mot embetsmakta i Bergen for å sleppa ekstra skatt og berga familiane sine, det står det stor respekt av, og er vel verdt å minnast!

Me vonar at publikum skal fylla salen til randa! Me har budsjettet med 200 selde billettar og sponsorinntekt på 15.000. Då vil me gå i balanse dersom utgiftene held seg til det me har lagt inn i budsjettet.

Med von om positivt svar frå dykk.

07.04.2015

Kristine Fluge, dirigent Måltrastena

Måltrastena v/ leiar Jorun Botne (s)

Sangkoret Lyderhorn v/ leiar Toril Iren Johansen (s)

